



Møteprotokoll for Eldreråd

Møtedato: 05.09.2022
Møtestad: Alver rådhus - kantina
Møtetid: 12:00 - 16:10

Det var felles orienteringsmøte for eldrerådet og RMNF kl. 12.00 i kantina på rådhuset. Eldrerådet heldt fram sitt møte med handsaming av vedtakssaker i formannskapssalen.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalsleiar
Torhild Skage Syslak		Medlem
Einar Lygre		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Randi Iden		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Mabel Johansen	H	Svein Hagesæter-UAVH
Magne Rifsgård		Randi Iden

Følgjande frå administrasjonen møtte: Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg, Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg, Eva Mikkelsen-prosjektleiar, Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Lennart Falkenberg-Arell-rådgjevar Plan og byggesak, Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak, Rolf Raknes-fagleiar Areal og samfunn, Per Ole Ekker-dagleg leiar Knarvik Frivilligsentral, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
028/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/22	Godkjenning av møteprotokoll 30.05.2022
030/22	Skilting av kommunale eigedomar - medlem i referansegruppe
031/22	Val av brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet
032/22	1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn - Galteråsen næringsområde
033/22	Detaljregulering for Snekkevika- Offentleg ettersyn og høyring
034/22	Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring
035/22	Meldingar til eldrerådet 05.09,2022
036/22	Økonomiplan 2023-2026

028/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Eldrerådet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ER- 028/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

029/22: Godkjenning av møteprotokoll 30.05.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Eldrerådet godkjende samrøystes møteprotokoll for 30.05.2020.

ER- 029/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

030/22: Skilting av kommunale eigedomar - medlem i referansegruppe

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet vel følgjande som sitt medlem til referansegruppa for prosjektet skilting av Alver kommune sine eigedomar:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vel følgjande som sitt medlem til referansegruppa for prosjektet skilting av Alver kommune sine eigedomar:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

Det vart sett fram forslag på Magne Bjørndal som RMNF sitt medlem i referansegruppa for prosjektet Skilting av Alver kommune sine eigedomar.

RMNF valde samrøystes Magne Bjørndal som medlem i referansegruppa.

RMNF- 038/22 Vedtak:

RMNF veljer Magne Bjørndal som sitt medlem i referansegruppa for prosjektet Skilting av Alver kommune sine eigedomar.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Det vart sett fram forslag på Einar Lygre som eldrerådet sitt medlem i referansegruppa for prosjektet Skilting av Alver kommune sine eigedomar.

Eldrerådet valde samrøystes Einar Lygre som medlem i referansegruppa.

ER- 030/22 Vedtak:

Eldrerådet veljer Einar Lygre som sitt medlem i referansegruppa for prosjektet Skilting av Alver kommune sine eigedomar.

031/22: Val av brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka skal avgjerast i råda.

Representant:

Vararepresentant:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

I felles orienteringsmøte vart eldrerådet og RMNF einige om å velja brukarrepresentant frå eldrerådet og vararepresentant frå RMNF.

RMNF valde Bente Orlen Westervik som vararepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

RMNF- 037/22 Vedtak:

RMNF valde Bente Orlen Westervik som vararepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

I felles orienteringsmøte vart eldrerådet og RMNF enige om å velja brukarrepresentant frå eldrerådet og vararepresentant frå RMNF.

Eldrerådet valde Jostein Dale som brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

ER- 031/22 Vedtak:

Jostein Dale vart valt som brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

032/22: 1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn - Galteråsen næringsområde

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Galteåsen næringsområde, gbnr. 137/804 mfl. PlanID 46312021002. Vist på plankart datert 24.2.2022 med tilhøyrande føresegner datert 6.5.2022.»

Utval for areal, plan og miljø 15.06.2022:

Behandling:

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

Jogeir Romarheim-Krf bad om vurdering av sin habilitet jf.Forvl.lova §6.b. Utvalet vurderte han samrøystes som inhabil, og han deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (Anne Grete Eide-Ap, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Henning Fyllingsnes-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Heine Fyllingsnes-H, Sveinung Toff-V)

APM- 088/22 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Galteåsen næringsområde, gbnr. 137/804 mfl. PlanID 46312021002. Vist på plankart datert 24.2.2022 med tilhøyrande føresegner datert 6.5.2022.»

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

RMNF meinar at stien som går gjennom området må oppretthaldast.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 035/22 Vedtak:

RMNF meinar at stien som går gjennom området må oppretthaldast.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Lennart Falkenberg-Arell- rådgjevar Plan og byggesak orienterte i felles orienteringsmøte for ER/RMNF om planen for Galteråsen næringsområde.

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til hovudlinjene i planen for Galteråsen næringsområde, men støttar Kulturavdelinga i Alver kommune sine vurderingar om at eksisterande tursti må følgja dagens opparbeidde trasé og tilretteleggast på ein måte som gjer det trygt å ferdast både for barnehagebarna og andre turgåarar.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 032/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i reguleringsplan for Galteråsen næringsområde: Eldrerådet sluttar seg til hovudlinjene i planen for Galteråsen næringsområde, men støttar Kulturavdelinga i Alver kommune sine vurderingar om at eksisterande tursti må følgja dagens opparbeidde trasé og tilretteleggast på ein måte som gjer det trygt å ferdast både for barnehagebarna og andre turgåarar.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 027/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

033/22: Detaljregulering for Snekkevika- Offentleg ettersyn og høyring

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Snekkevika, gnr.464, bnr. 41 mfl. Plan-id 4631 2020 007, vist på plankart sist datert 29.05.2022 , med tilhøyrande føresegner datert 29.05.2022.

Fram mot 2. gongs handsaming må det gjerast enkle rettingar i plankart, samt gjerast greie for framkome for utrykkingskøyretøy og løysing for vann og avløp for hyttetomtane på BFR6 og 7. Handsaming av myrmassar bør det stilast krav om i Plan for massehandtering.

Utval for areal, plan og miljø 15.06.2022:

Behandling:

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 087/22 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Snekkevika, gnr.464, bnr. 41 mfl. Plan-id 4631 2020 007, vist på plankart sist datert 29.05.2022 , med tilhøyrande føresegner datert 29.05.2022.

Fram mot 2. gongs handsaming må det gjerast enkle rettingar i plankart, samt gjerast greie for framkome for utrykkingskøyretøy og løysing for vann og avløp for hyttetomtane på BFR6 og 7. Handsaming av myrmassar bør det stilast krav om i Plan for massehandtering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

Rådet meiner stien som idag går frå parkeringsplassen, ned til "badevika" bør rustast opp, og få tilnærma universell utforming. I samband med prosjektet bør det koma toalett som er universelt utforma.

Samrøystes vedteke.

RMNF- 036/22 Vedtak:

Rådet meiner stien som idag går frå parkeringsplassen, ned til "badevika" bør rustast opp, og få tilnærma universell utforming. I samband med prosjektet bør det koma toalett som er universelt utforma.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak orienterte i felles orienteringsmøte for eldreråd/RMNF.

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet meiner planforslaget må avvist i si noverande form. Rådet viser til innkomne merknader til planforslaget.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 033/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i detaljereguleringsplan for Snekkevika:

Eldrerådet meiner planforslaget må avvist i si noverande form. Rådet viser til innkomne merknader til planforslaget.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 028/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

034/22: Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for politisk drøffing.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheimplassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Samrøystes vedteke.

RMNF- 034/22 Vedtak:

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggjast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheimsplassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse orienterte om kommuneplanen sin arealdel.

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til planprogrammet. Eldrerådet er oppteken av at prinsippet om å "ta heile kommunen i bruk" vert følgd opp i praksis. Rådet vil understreka planen må ha fokus på å byggja eit aldersvenleg og heilskapleg samfunn, og at arealdelen må leggast til rette for alle aldersgrupper i Alver-samfunnet.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 034/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel: Eldrerådet sluttar seg til planprogrammet. Eldrerådet er oppteken av at prinsippet om å "ta heile kommunen i bruk" vert følgd opp i praksis. Rådet vil understreka at planen må ha fokus på å byggja eit aldersvenleg og heilskapleg samfunn, og at arealdelen må leggast til rette for alle aldersgrupper i Alver-samfunnet.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Marte Eriksrud, rådgjevar Plan og analyse

UR- 030/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse

OKK vedtok samrøystes å senda planen ut på høyring og har ingen merknader.

OKK- 048/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 06.09.2022:

OKK vedtok å senda planen ut på høyring og har ingen merknader.

035/22: Meldingar til eldrerådet 05.09,2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Det vart gjeve følgjande meldingar/orienteringar:

1. Kommuneplanen sin arealdel- høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet og innspelsrunde for planarbeid v/Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse - knytt til sak 034/22 i ER
 2. 1.gongs handsaming – offentleg ettersyn - Galteråsen næringsområde v/Lennart Falkenberg-Arell- rådgjevar Plan og byggesak - knytt til sak 032/22 i ER.
 3. Detaljeregulering Snekkevika off. ettersyn og høyring v/Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak - knytt til sak 033/22 i ER
 4. Status prosjekt leing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift v/Eva Mikkelsen-rådgjevar Helse og omsorg adm./Kari Hesjedal-avdelingasleiar Forvaltningskontoret
 5. Val av brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet - orientering v/Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg - knytt til sak 031/22 i ER
 6. Kort presentasjon av kommunedelplan Oppvekst – med ein kort, siste innspelsrunde før det blir lagt fram sak til OKK (møte 4. okt.) om vedtak for offentleg høyring. Førebels utkast til plan finn du på følgjande lenke: [Testpublisering Kommunedelplan for oppvekst](#) innhaldet i plandokumentet vil bli endra i takt med administrasjonen sitt arbeid - v/Rolf Raknes-fagleiar areal og samfunn
1. Markering av den internasjonale eldredagen - v/Per Ole Ekker-dagleg leiar i Knarvik frivilligsentral
Det vart orientert om ulike markeringar av eldredagen, og Ekker informerte om at det finst ei tilskotsordning som lag og organisasjonar kan søkja på for arrangement knytt til eldredagen.
Skriv frå Per Ole Ekker om markeringa av den internasjonale eldredagen vart sendt ut til medlemmane i eldrerådet i forkant av møtet, og er lagt ved saka.
 2. Ei oversikt over aktivitetstilbod til seniorar i Alver, utarbeidd av Nina Randal-dagleg leiar ved Frekhaug frivilligsentral på bakgrunn av innkomne svar ho har fått frå frivillige lag og organisasjonar ui Alver. Oversikta vart sendt til medlemmane i

eldrerådet før møtet. Dette dokumentet kan vera eit ope dokument der vi kan føra inn aktivitetar etter kvart som vi får inn melding om fleire. Sigurd Knudsen informerte om at det no er tilgjengeleg fem kanoar ved vassverket på Hestnes, med tilrettelagde parkerings-plassar.

3. Sykkelstafett - T-skjorter

Jostein Dale informerte om at det i samband med den landsomfattande sykkelstafetten for markering av frivilligåret 2022, vart eldrerådet engasjert til å delta i stafetten. Så viste det seg at Alver ikkje hadde høve til å delta i stafetten. I mellomtida hadde eldrerådet fått laga T-skjorter til bruk under sykkelstafetten. No ber eldrerådet om at kostnadane til desse T-skjortene vert dekkja av kommunen/Frivilligsentralen.

Meldingar/orienteringar vart teke til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

ER- 035/22 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

036/22: Økonomiplan 2023-2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til økonomiplan drift og rammer for 2023 i samsvar med § 5-4 bevilgningsoversikt drift 1A og 1B vert vedteke.
Budsjett for 2023 vert oppdatert med lønns og prisvekst i samsvar med framlegg til statsbudsjettet for 2023, og vert lagt fram for kommunestyret til behandling i desember 2022.
2. Framlegg til investeringsplan for perioden 2023-2026 og investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med § 5-5 bevilgningsoversikt investering 2A og 2B.
Kommunedirektøren oppdaterar investeringsbudsjettet for 2023 i samsvar med eventuell endring i framdrift på prosjekta som pågår i 2022. Dette betyr at eventuelle framdriftsjusteringar per 2. tertialrapport vert tatt inn i budsjettframlegget som blir vedtatt i desember.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å setje i gang takseringsarbeid for næringseigedomar. Kommunestyret ber om å få lagt fram ei eiga sak i løpet av 2023 kor det går fram kva resultatet av takseringsarbeidet er, og ulike alternativ for utskriving av eigedomsskatt på næring. Dette skal leggjast fram i god tid før kommunestyret skal fatte vedtak om innføring av eigedomsskatt på næring i samband med budsjettvedtaket for 2024. Taksteringsarbeidet skal finansierast med bruk av disposisjonsfond, og kostnaden skal takast inn i rapporteringa for 1 tertialrapport 2023 når det har vore gjennomført anbud og prisen på å gjennomføre takseringsarbeidet er kjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Behandling:

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

RMNF- 040/22 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Eldreråd 05.09.2022:

Behandling:

Janne Sund-kommunalsjef økonomi orienterte og svarta på spørsmål om framlegg til økonomiplan 2023-2026 i felles orienteringsmøte for eldrerådet og RMNF.

I eldrerådet vart det sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet tar fremlagte økonomiplan 2023 - 2026 til etterretning.

Eldrerådet merkar seg at demografiprognosene no blir brukt slik utviklinga i kommunen vår verkeleg er.

Eldrerådet anbefalar sterkt at større investeringar no må vente til kommunen sin økonomi er betre. Driftsbudsjettet må haldast innanfor rimelege rammer, slik at etablerte tenester ikkje blir ramma for hardt før kommuneplanen som er under arbeid er klare.

Eldrerådet meiner at vedtaket om at heile kommunen skal ha del i utviklinga organisatorisk og økonomisk framleis bør gjelde.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 036/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til Økonomiplan 2023-2026:

Eldrerådet tar fremlagte Økonomiplan 2023 - 2026 til etterretning.

Eldrerådet merkar seg at demografiprognosane no blir brukt slik utviklinga i kommunen vår verkeleg er.

Eldrerådet anbefalar sterkt at større investeringar no må vente til kommunen sin økonomi er betre. Driftsbudsjettet må haldast innanfor rimelege rammer, slik at etablerte tenester ikkje blir ramma for hardt før kommuneplanane som er under arbeid er klare.

Eldrerådet meiner at vedtaket om at heile kommunen skal ha del i utviklinga organisatorisk og økonomisk framleis bør gjelde.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

Framlegg om å leggje ved notat frå innlegg frå ungdomsrådet til formannskapet som vedtak i saka.

UR- 031/22 Vedtak:

Prioriteringar i økonomiplanen:

UR ynskjer fleire tilgjengelege Helsesjukepleiarar på alle skuler!

Døme: Radøy ungdomsskule, kun 1-2 dagar med tilbod, men mykje tid på hausten går bort til 8.klasse-samtalar, då vert det ikkje tid til dei i 9. og 10. klasse.

Vi ynskjer kortare ventetid på psykolog for ungdom. Fleire som tek kontakt med psykolog for ungdom, vert satt på venteliste og kjem ikkje inn før dei skrik om hjelp. Lågare terskel for å komma inn.

Ungdomsklubbane:

Vi ynskjer oss ein klubb i Knarvik.

Sidan det er tilbod om ungdomsklubb i andre sentrum i kommunen, men ikkje i Knarvik. Vi har Salto i Knarvik, men dei er ikkje alltid opne når ungdommen har fri (dei stenger når mange er ferdig på skulen, 15.30).

Helsestasjon for ungdom

Betre opningstider.

Onsdag 15.30-18.30 er for lite, og færre ungdom får snakket med lege og helsesjukepleiar. Prioriter fleire opningsdagar, eller lengre opningstid.

Uteområdet på skulane

Gode uteområde = meir sosial (både barne og ungdomsskule).

Barneskule har ofte gode uteområde, men ungdomsskulane har ikkje like gode.

Vi ynskjer at alle ungdomsskulane har gode uteområde.

Miljøterapeuter i ungdomsskulen

Lindås ungdomsskule mista sin miljøterapeut i vinter. Vi ynskjer at alle ungdomsskulane har tilbod om miljøterapeuter!

Samrøystes vedteke